

NORSK PALLIATIV FORENING (NPF)

ÅRSRAPPORT FRA STYRET FOR STYREPERIODEN SEPTEMBER 2016 – SEPTEMBER 2018

Styret i denne perioden vart valgt på Generalforsamlinga i Stavanger den 15. september 2016.

STYRET:

Geir Andvik, leiar	Sjukepleiar	Haukeland Universitetssjukehus, Bergen
Martina Tønnies	Lege	Nordlandssykehuset, Stokmarknes
Joran Slaaen	Sjukepleiar	Hospice Lovisenberg, Oslo
Torunn Åkra	Fysioterapeut	Haraldsplass diakonale sykehus, Bergen
Odd Arne Skogen	Sjukehusprest	Ålesund sjukehus
Frode Jordal	Lege	Sykehuset Østfold, Kalnes
Grethe Å. Øglænd	Sosionom	Stavanger Universitetssjukehus
Trude Kristiansen	Sjukepleiar	Nordlandssykehuset, Bodø
Ellen Bugge	Lege	Bråta helse- og aktivitetssenter, Nedre Eiker, Buskerud

VARAREPRESENTERANTER:

Ronny Dalene	Lege	Sykehuset Telemark, Skien
Marianne H. Johansen	Sjukepleiar	St. Olavs Hospital, Trondheim
Helene Faber-Rod	Psykolog	Nordlandssykehuset, Bodø
Kristine Møller	Klinisk ernæringsfysiolog	Hospice Lovisenberg, Oslo
Hilde Rosseland	Ergoterapeut	Sykehuset Innlandet, Lillehammer

Bodil Husby, leiar av styret i forige styreperiode fungerte som leiar i noverande styre i ein overgangsperiode fram til styret konstituerte seg på møtet den 5. desember 2016. Geir Andvik overtok då som leiar. Det har ikkje vore andre endringar i samansetjinga av styret i perioden.

Styret mottar ikkje honorar.

NPF bruker følgjande firma til Rekneskapsføring, dette er uendra fra forige styreperiode.

**SpareBank 1 Regnskapshuset SMN AS/avd. Røros
Tollef Bredalsvei 13, 7374 Røros**

Revisor er Terje Talseth Gundersen

NPF er registrert i Einingsregisteret i Brønnøysund.

Medlemer:

Pr 1. juni 2018 har NPF 558 medlemer. Kontingensten er på kr 450,- pr år. Medlemene får tidsskriftet «Omsorg». Dette kjem ut med fire nummer pr år.

NPF sin heimeside finn ein på denne adressa: www.palliativ.org
NPF bruker ein ekstern datakunnig til å bistå med nettsida.

Styremøter i perioden:

2016:

5. desember 2016 Styremøte på Gardermoen, konstituering av det nye styret

2017:

13. – 14. april 2017 Styreseminar på Hospice Lovisenberg
13. april: heildagsmøte om Sistehjelp
14. april: vanlege styresaker

4. september 2017 Styremøte, Gardermoen

4. desember 2017 Styremøte, Gardermoen

2018:

13. februar 2018 Styremøte via telekommunikasjon, telefonmøte

5. mars 2018 Styremøte, Gardermoen

9. april 2018 Styremøte via telekommunikasjon, telefonmøte

7. mai 2018 Styremøte via telekommunikasjon, telefonmøte

8. juni 2018 Styremøte, Bodø

11. september 2018 Styremøte, Bodø i samband med Landskonferansen i lindrande behandling,

13. september 2018 Felles styremøte, nytt og gammalt styre skal møtast for overlapping etter gjennomført Generalforsamling i Bodø

Styret innførte fra starten av 2018 telefonmøter x 1 pr mnd når det ikkje er andre styremøter. Møta er gjennomført via telekommunikasjon/ telefon og møtedato fastsatt for eit halvt år om gangen. Møta er på kveldstid, varer inntil ein time. Styret opplever at denne ordninga har fungert godt. Ved å etablere faste telefonmøter er målet å redusere tal styremøter med felles oppmøte, dette også for å redusere kostnader og tidsbruk.

Økonomi:

Årsresultat for NPF var eit overskot på kr 198 000 i 2016, og eit underskot på kr 132 000 i 2017. Overskotet i 2016 skuldast inntekter fra Landskonferansen i Palliasjon.

Slik NPF har organisert si drift, er ein avhengig av eit overskot på landskonferansen for å sikre midlar til vidare drift. Dette er den viktigaste inntektskjelda til NPF.

Samarbeid mellom Norsk Forening for Palliativ Medisin (NFPM) og Norsk Palliativ Forening (NPF):

Våre to fagorganisasjonar samarbeider tett om Landskonferansen i Palliasjon som vert arrangert kvart andre år. Dette arbeidet er omfattande og foregår i nesten heile styreperioden. Representanter for begge dei to styra er med i Hovudkomiteen for Landskonferansen, og leiarane av NFPM/ NPF er også leiar av hovudkomiteen. I tillegg er det oppretta lokalkomite for konferansen i samarbeid med det Regionale kompetansesenter i lindrande behandling.

Det har i styreperioden vore tett og god dialog mellom leiarane av våre to foreiningar, også ut over det som gjeld landskonferansen.

Nordisk samarbeid:

NPF held kontakten med Foreningen for palliativ indsads (Danmark), og vi deltar på kvarandre sine landskonferansar. Har også vore samarbeid rundt Sistehjelpskurset. Ut over dette har det ikkje vore kontakt med dei nordiske landa.

EAPC:

Norsk Palliativ Forening (NPF) er medlemsorganisasjon i EAPC (European Association for Palliative Care). Medlemer i NPF er også kollektivmedlem i EAPC. Dette betyr at våre medlemer får medlemsfordelene i EAPC. Den fordelen kanskje flest vil ha nytte av er reduksjon i konferanseavgifta ved deltaking på konferanser arrangert av EAPC. Kvart medlem må sjølv registrere seg hjå EAPC. Korleis du går fram for å gjere dette, og alle medlemsfordelar, kan du finne på nettsida vår, www.palliativ.org.

Landskonferansen 2018:

Planlegginga av landskonferansen er ein stor og viktig aktivitet for styret i NPF. I Hovudkomiteen for landskonferansen i Bodø i september 2018 har følgjande medlemer fra NPF sitt styre vore med: Grethe Aa. Øglænd, Odd Arne Skogen, Torunn Aakra, Trude Kristiansen (sekretær i HK, samt medlem i lokalkomiteen), Geir Andvik, leder HK. Til denne konferansen har NPF rolla som leder samt sekretærfunksjon. Dette er oppgåver som rullerer og fordeles mellom NFPM og NPF.

Hovudkomiteen har hatt følgjande møter:

- | | |
|--------------------|--|
| • 7. mars 2017 | Oppstartsmøte i Bodø med synfaring av konferansehotellet |
| • 14. juni 2017 | Gardermoen |
| • 9. oktober 2017 | Bodø |
| • 5. desember 2017 | Gardermoen (Styremøte NPF dagen etter) |
| • 16. april 2018 | Skype/ telefonmøte |
| • 7. juni 2018 | Gardermoen (Styremøte NPF dagen etter) |
| • 23. august 2018 | Skype/ telefonmøte |

Tidsskriftet Omsorg:

I styreperioden vart tidsskriftet Omsorg digitalisert. I Omsorg nr 1/2017 kunne vi alle lese at det nummeret av tidsskriftet var fritt tilgjengeleg digitalt. Vidare utgåver av tidsskriftet vart digitalt tilgjengeleg for abonnentar. Dette var ein viktig milepål i tidsskriftet si utvikling.

Styret i NPF har over tid etterspurd tilgang til tidsskriftet digitalt, så vi er svært glade for at dette no er på plass. Ei digital utgåve av tidsskriftet stettar mange sine forventningar til

tilgjengelighet. Styret i NPF takker redaktør Stein Husebø, redaksjonskomiteen og Fagbokforlaget for nyvinninga.

Sistehjelp:

I styreperioden har ein prioritert Sistehjelp høgt. Styret etablerte ei arbeidsgruppe med hovudansvar for Sistehjelp, samansett av Frode Jordal, Helene Faber-Rod og Odd Arne Skogen. I mars 2017 sette styret av ein heil dag til instruktørkurs for styret, dette for at alle skulle ha god kjennskap til konseptet, samt kunne vere instruktørar ved nye instruktørkurs. Det vart gjennomført eit nasjonalt instruktørkurs i Oslo i august 2017. Det har vore stor interesse for konseptet, m.a. har det vore ynskje om å organisere nytt instruktørkurs i Møre og Romsdal. Dette har imidlertid ikkje vore mogleg å gjennomføre då rammefaktorane for bruk av konseptet Sistehjelp vart endra i juni 2017. Då fekk styret lagt fram ein kontrakt med patent på begrepet Sistehjelp og aktuelle logo. Kontrakten hadde også vilkår for å kunne bruke kurskonseptet i samsvar med overordna føringar beslutta i internasjonal arbeidsgruppe. Kontrakten var av ein slik karakter at styret ikkje kunne signere den. Styret sette av mykje tid til gjennomgang av kontrakt, samt forhandlingar rundt denne. Dette vart gjennomført av styreleder Geir Andvik og Georg Bollig som er leder av internasjonal arbeidsgruppe.

Fleirtalet av styret opplever ei forpliktande overordna styring fra internasjonalt samarbeid som for rigid og uhensiktsmessig, og vil såleis medføre ei oppbremsing av nødvendig forbetring av kursmaterialet. Slik situasjonen er pr august 2018 ynskjer styret å gå vidare med eit nytt og tilpassa konsept utanfor Sistehjelpskurset, med annan tittel og norsk tilpassing:

Folkeopplysning om døden.

NPF vil i første omgang avvente å gå inn i eit eventuelt internasjonalt samarbeid. Dette kan medføre at NPF blir ståande utanfor dersom andre vil overta konseptet i Norge, men NPF vil uansett kunne halde fram samarbeidet med Foreningen for Palliativ Indsats i Danmark, som fram til no har vore ein god samarbeidspartner i forhold til utviklinga av ein nasjonal variant av kurskonseptet.

Høyringar:

Av andre oppgåver styret har hatt i perioden, må spesielt høyringsprosessane nemnast. Styret har oppretta ei «Høyringsgruppe», leia av Ellen Bugge, som har hatt ansvar for gjennomgang og innspel på ulike høyringar, samt levere eit formelt svar på vegne av NPF. Resten av styret har også kome med innspel til høyringsgruppa sitt arbeid. I 2017 og 2018 har det vore fleire viktige og relevante høyringsprosesser.

Oversikt høyringssvar fra NPF i styreperioden:

- 09.02.17 «Høringssvar vedr.forskrift om KPR - kommunalt pas. og brukerregister»
- 04.09.17 «Høringssvar vedr. forskrift om befolkningsbaserte undersøkelser»
- 17.11.17 «Høringssvar vedr.forslag i ISF regelverket for 2018 vedr. beh. i regi av palliative sentre»
- 12.02.18 «Høringssvar vedr. HOD`s forslag om endringer i kreftregisterforskriften»
- 08.03.18 «Høringssvar vedr. bivirkningsregisterforskriften»

12.05.18 «Høringssvar vedr. NOU 2017: 16 «På liv og død» Palliasjon til alvorlig syke og døende

25.06.18 «Høringssvar vedr forslag til ny forskrift om pasientjournal.»

Besluttet å **ikke** gi høringssvar på:

«VS: 18/643 Høring Forslag til nasjonale retningslinjer for helse- og sosialfagutdanninger»

«Forskrift om befolkningsbaserte undersøkelser»

Andre aktivitetar som styret vil trekke fram:

- Palliasjonsutvalet vart oppretta i mai 2016, og avslutta sitt arbeid med overlevering av «NOU 2017:16 På liv og død» til Helseminister Høie i desember 2017. Utvalet bestod av personleg oppnemnde medlemer, men NPF tykte det var flott at både tidlegare leiar Bodil Husby og noverande styremedlem Joran Slaaen var med i dette utvalet.
- I 2016 oppretta Helsedirektoratet, med HOD som oppdragsgjevar, ei arbeidsgruppe som skulle utarbeide rettleiingsmateriell for ivaretaking av personer med behov for lindrande behandling og omsorg i livets sluttfase.
Helsedirektoratet ba om ein representant fra NPF som skulle delta i arbeidsgruppa, dette vart sjukehusprest Guttorm Eidslott. Han held fram i gruppa også etter at han gjekk ut av styret i NPF i september 2016.
Rettleiingsmaterialet skulle gjerast ferdig innan juli 2017, men vart om lag eitt år forseinka, mellom anna fordi prosjekteiar Sjur Bjørnar Hansen vart henta inn i sekretariatet knytt til NOU 2017: 16 «På liv og død. Palliasjon til alvorlig syke og døende». Publiseringa av rettleiingsmaterialet vert kun digitalt. Lanseringa er planlagd til haust 2018.
- Helsedirektoratet har i 2018 oppretta ei arbeidsgruppe som skal revidere Handlingsprogram for palliasjon i kreftomsorgen. Psykologspesialist ved palliativt team, Nordlandssykehuset Bodø og vararepresentant i styret til NPF, Helene Faber-Rod er med i dette arbeidet.
- Geir Andvik og Torunn Aakra deltok på, og representerte NPF, ved EAPC sin verdskonferanse i Madrid i mai 2017.
- Ellen Bugge og Trude Kristiansen representerte NPF og var arrangøren sine gjester på Foreningen for palliativ indsads sin nasjonale konferanse i Danmark i juni 2017.

For styret i NPF

Geir Andvik

Leiar

NORSK PALLIATIV FORENING (NPF)



STYRETS ÅRSBERETNING FOR 2017

Foreningen er en tverrfaglig forening som har som mål å videreutvikle behandling, pleie og omsorg for alvorlig syke og døende mennesker samt støtte deres pårørende i deres sorg og tap.

Det skrives egen årsrapport som beskriver foreningens aktiviteter i styreperioden for årene 2016 og 2017.

Foreningen har pr 1. juni 2018, 558 medlemmer (medlemstallet var 563 på samme tid i 2016) fra hele landet. Kontingenten er kr. 450,- pr. år. Medlemmene får tidsskriftet "OMSORG" fire ganger i året.

Det fremlagte regnskap med tilhørende noter gir etter styrets oppfatning fyllestgjørende informasjon om driften og om stillingen ved årsskiftet. Årsresultatet for 2017, pr 31. desember 2017 viser et negativt resultat på kr. 130 328,-. Egenkapitalen er på kr. 572 570,-. Årsregnskapet er utarbeidet under forutsetning om fortsatt drift, og det bekreftes at forutsetningen er til stede.

Styret består av ni faste medlemmer og fem varamedlemmer.

Foreningen bruker et profesjonelt regnskapfirma, SpareBank 1 Regnskapshuset, avd. Røros

Bergen 11.07.2018

.....
Geir Andvik, leder

.....
Joran Slaaen

.....
Ellen Bugge

.....
Torunn Åkra

.....
Grethe Å. Øglænd

.....
Martina Tønnies

.....
Odd Arne Skogen

.....
Frode Jordal

.....
Trude Kristiansen